



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	6. november 2023 kl. 1000 - 1300
<b>Møtestad:</b>	Voss sjukehus
<b>Møteleiar:</b>	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
<b>Til stades:</b>	Kjersti Nordanger (Voss herad), Birger Lærum (Helse Bergen, Voss sjukehus), Gro Oma Fanebust (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Maria Vollsæter (Helse Bergen), Cathrine Stue Børhaug (Bjørkeli DPS) Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Torstein Hellesnes (Ulvik herad), Terje Langeland (Kvam herad), Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Line Lie (Fagforbundet),  Trude Hjortland (SSE føretakrepresentant) Reidun Braut Kjosås (Sse kommunerepresentant)
<b>Fråfall:</b>	Eystein Hauge (kommuneoverlege), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund)
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)</b>
41/23	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Ingen merknader	
42/23	<b>Godkjenning av referat frå 31. august 2023</b>  Merknader til referatet: Sak 32/23 - Voss kommune: ikkje innleige av spanske sjukepleiarar. Voss har <b>tilsett</b> spanske sjukepleiarar (5 stk.).	

43/23	<p><b>Referat frå SSU møte 22.september 2023</b></p> <p>Merknader til referatet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Knytt til sak 28/23. Saker med betydning for økonomi, bemanning og drift skal bli orientert om i OUa. Dette bør vera eit eige punkt på sakslista i kommande OU-møter</li> <li>- Sak 32/23 – Brukarutvalet brenn for denne saken.</li> </ul>	
44/23 1010- 1020	<p><b>Referat frå underutvala</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barn og unge, møte 21.09.23</li> <li>- Rehabilitering, møte 02.10.2023</li> <li>- Pleie og omsorg, møte 12.09.23 og møte 17.10.23 (og tilhøyrande vedlegg)</li> <li>- UFAB, møte 17.10.23</li> </ul> <p>Mykje godt arbeid og mykje som føregår. Kjekt å lesa referata frå underutvala.</p> <p>Ei oppmoding frå Helse Bergen og AMK om å sjå gjennom kva informasjon som ligg på heimesidene til kommunane når det gjeld legevakt.</p>	
45/23	<p><b>Lokalsjukehuskonferansen, Voss lokalsjukehusområde</b></p> <p>Kjersti Skattum (Voss lokalsjukehus) og Susanne Villanger Rolland (Vaksdal kommune og leiar for underutval for rehabilitering) orienterte om saka</p> <p>Innspel som kom fram i dialogen omkring vidare drift av lokalsjukehuskonferansen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er både ønske og behov for lokalsjukehuskonferanse <ul style="list-style-type: none"> <li>o mange tema ( gjerne tverrfaglege) som er aktuelle</li> <li>o viktig møtepunkt</li> </ul> </li> <li>- Kven skal drifte og kven skal arrangera?– <ul style="list-style-type: none"> <li>o Forslag om å nytta underutvala og kanskje leiarane for underutvala til å danna ei arbeidsgruppe. Det er og ønske om representantar frå lokalsjukehuset i arbeidsgruppa samt ein representant frå områdeutvalet.</li> <li>o Områdeutvalet støtta forslaget om tema «skrøpelege eldre» som aktuelt for neste lokalsjukehuskonferanse, men gjerne med ein annan ordlyd (t.d.. sårbare eldre).</li> <li>o Det vert ikkje lokalsjukehuskonferanse våren 2024. Til det er tida til planlegging og førearbeid alt for knapp.</li> <li>o OU har et overordna ansvar for lokalsjukehuskonferansen</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som på oppdrag av områdeutvalet får ansvar for planleggja neste lokalsjukehuskonferanse. Arbeidsgruppa skal og vera med og gjennomføra konferansen.</p> <p>Arbeidsgruppa vert sett saman av</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ein representant frå kvart av underutvala (ikkje UFAB<sup>1</sup>)</li> <li>- to representantar frå sjukehuset</li> <li>- kontaktperson mellom arbeidsgruppa og områdeutvalet vert leiar for utvalet i nært samarbeid med SSE representant.</li> </ul>	

<sup>1</sup> dialog med UFAB om dei skal vera med då dei allereie arrangere årleg fagseminar

**Orientering frå representantane (runden rundt bordet)****Vaksdal**

- I budsjettframlegget er det lagt inn reduksjon av 4 langtidsplassar. Endeleg budsjett for 2024 vert vedteke i desember.
- Kommunen har teke over det nye helsebygget. Målet er at bygget skal stå ferdig i februar/mars 2024. Neste byggetrinn i Vaksdal er «helsehuset». Dette bygget er gammalt og treng rehabilitering.

**Kvam**

- I sluttspurten med rekruttering av 2 kliniske ernæringsfysiologer. Desse to skal arbeida i heile lokal sjukehusområdet. Oppstart 1.jan 2024
- Har utfordringar med budsjettet. Kvam har hatt stor overforbruk dei siste åra. Budsjetterer med underskot
- OM ein skal få til innsparingar må ein endra struktur i tenesta. Strukturendringar er ikkje lagt inn i budsjettet for 2024.
- Startar opp med Matverter frå 1.jan. Dette er ein del av arbeidet omkring oppgåvedeling. Prosjekt 1 år. Teste ut på to institusjonar.

**Ulvik**

- Har hatt mykje vakansar. Byrjar å bli betre
- Budsjettarbeid tek mykje tid. Ulvik har og overforbruk

**Voss sjukehus**

- Kjekt å jobba her, bra og jobba her, resultat er gode, men økonomien er krevjande.
- Må ta ned tal senger og følgjeleg ta ned tal tilsette. Dette er krevjande.
- Har hatt ei omorganisering. Lagt om til ein flatare struktur med større avdelingar. Dette fører til meir samhandling internt på sjukehuset.
- Føden på Voss går bra og det blir ikkje kutt her.

**Voss herad**

- Skal ta i mort 300 flyktningar denne månaden (i all hovudsak frå Ukraina). Det vert jobba med å finna gode løysingar for helsetenesta. Her har ein etablert godt samarbeid med sjukehuset.
- Rekruttering og bemanning er krevjande også i Voss. Fagfolk er mangelvare.

**Helse Bergen**

- Pasientreiser bruker ca. 100mill per år. Dei oppmodar partane om å vera merksam på kva type transport som blir bestilt.
- «Pakkeforløp kreft heim». Det går i neste veke ut brev til kommunane frå arbeidsgruppa med skisse til pakkeforløp for fleire diagnosar. Saka kjem til områdeutvalet i neste runde for endeleg godkjenning.
- Ta kontakt om det er behov for dialog omkring samhandling (økonomi mv). Større ting takast direkte med Randi-Luise Møgster (vise adm. Direktør i Helse Bergen).
- Psykisk helse: tøffe økonomiske tider. PAM må oppgraderast/byggjast om (omsyn til pasient og tilsette). Helse Bergen må derfor ta ned nokre senger for å få til dette.
- Det vert arbeidd systematisk med «psykisk helse for framtida». Konseptrapporten gjekk gjennom styrehandlinga og prosjektet går vidare mot forprosjektfase.
- Det vert teke inn ein brukarrepresentant i arbeidet med FSU psykisk helse.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barn og unge: Barne og ungdomsklinikken har flytta inn i glasblokkene. Krevjande økonomi også for oss. Har lange ventelister for barn. Prøver å prioritera så godt me kan. Er spent på korleis det vert i nytt bygg. Einerom til alle pasientar fører mellom anna til større avstandar.</li> </ul> <p><b>Brukarrepresentantane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brukarutvalet kjem godt ut av ein intern revisjon som er gjennomført. Brukarutvalet i Helse Bergen føler seg god ivareteke.</li> <li>- Eigenbetaling ved utprøvande behandling har mange aspekt. Brukarutvalet ønskjer å forfølgja denne saka.</li> <li>- Spesialisthelsetenester ut der folk bur. Minder og mindre av desentraliserte tilbod. Pårørande må følgja og ta fri frå jobb for å få dette til. Utviklinga er bekymringsfull.</li> </ul> <p><b>Fastlege</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er etablert faste treffpunkt for fastlege representantar i helsefellesskapet</li> <li>- Det er kome invitasjon til digital samling om fastlegen sin rolle i helsefellesskapet (KS er arrangør).</li> </ul> <p><b>Bjørkeli DPS</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ny direktør frå 1.januar Vegar Kolve</li> <li>- mykje tilvisingar</li> <li>- pågang til døgnavdeling</li> <li>- god rekruttering til lege og psykologstillingar, men vanskeleg med sjukepleiarar</li> <li>- stram økonomi</li> </ul>	
47/23	<p><b>Samhandling mellom legar i sjukehus og legar ved sjukeheimar i Voss lokalsjukehusområde</b></p> <p>Eldfrid Haukenes presenterte funn og erfaringar frå si masteroppgåve. Sjå vedlagt presentasjon</p> <p>Kommentarar og spørsmål som kom fram i drøftinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Noko som overraska deg med undersøkinga? <ul style="list-style-type: none"> <li>o Ja dette med journalsystema. Kor dårleg det står til</li> </ul> </li> <li>- Legane som deltek i undersøkinga kjem fram med fleire utfordringar men det kjem og fram forslag til løysingar.</li> <li>- Nyttig å høyra dette</li> <li>- Ta gjerne kontakt med Mette Monsen i seksjon samhandling og vis ho rapporten og resultatata</li> </ul>	
48/23	<p><b>Årleg gjennomgang av avtaleverket. Førearbeid til SSU-sak</b></p> <p>SSe orienter om saka.</p> <p>SSe ber om at partane i helsefellesskapet melder tilbake eventuelle behov for revisjon av avtaler og/eller felles retningslinjer på skjemaet som er vedlagt saksgrunnlaget. Frist for tilbakemelding: 20. november 2023</p>	
49/23	<p><b>Faglege samarbeidsutval (FSU), skrøpelege eldre.</b></p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ber Kvam herad om å melda inn ein kommunal representant til arbeidsgruppa «FSU Skrøpelege Eldre». Namnet på representanten vert meldt inn til Samarbeidssekretariatet innan 1. desember 2023.</p>	

	- Svein Ivar Fylkesnes, sjukeheimslege i Kvam vert meldt inn til arbeidsgruppa	
50/23	<p><b>Prosjekt barn og unge sin helseteneste, HABU</b> Sun Nordstrønen, Spesialfysioterapeut ved Haukeland universitetssjukehus orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Det er ønskje om å forankra prosjektet i Helsefellesskapsstrukturen.</p> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde takkar for orienteringa om prosjektet og dei moglegheitene som ligg i prosjektet for samhandlingspartnarane i Helsefellesskapet i bergensområdet.</p> <p>Områdeutvalet i Voss lokalsjukehusområde ønskjer at underutval for Barn og unge får nærmare informasjon om prosjektet. Områdeutvalet ber også underutval for om å vurdera om dei har representant(er) som vil vera med vidare i dette prosjektarbeidet.</p>	
51/23	<p><b>Partnerskapsmøte 2024</b> SSE orienterte om saka Kommunane er glad for at kommunalsjefane får høve til å delta dette året, men er og opptekne av at dette ikkje berre vert ei løysing dette året.</p> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde takkar for orienteringa om Partnerskapsmøtet. Det er ikkje kome innspel til program for dagen.</p>	
52/23 1230- 1245	<p><b>Løypemelding overordna strategi for Helsefellesskapet i bergensområdet</b> SSE orienterte om saka</p> <p>Med utgangspunkt i løypemeldinga har arbeidsgruppa behov for ei tilbakemelding på korleis arbeidet med strategien best vert forankra i kommunane i forkant av partnerskapsmøtet 15.febr?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommunane melder tilbake at det er mogleg å orientera om status for arbeidet med strategien i enkelte politiske utval i løpet av januar/februar.</li> </ul> <p>Løypemeldinga bør vera klar i løpet av fyste veka i januar 2024.</p>	
53/23	<p><b>Eventuelt</b> Det var ingen saker til eventuelt</p>	